

KVA FOR INNTEKTSKJELDER HAR DEI ARBEIDSLAUSE?

Av Jorunn Furuberg

Samandrag

Kva lever dei arbeidslause av? Kor mange har dagpengar? Og kva lever resten av? Vi har sett på åra 2010, 2011 og 2012, og prøver å gi eit meir samla bilete av kva for inntekter dei arbeidslause har i form av ytingar frå NAV.

Dagpengar ved arbeidsløyse føreset at ein har hatt høg nok arbeidsinntekt i tida før ein blei arbeidslaus. I gjennomsnitt for dei tre åra vi ser på har berre om lag halvparten dei arbeidslause dagpengar frå NAV. Når arbeidsløysa er høg er prosentdelen av dei arbeidslause som har dagpengar høgast. Dette skuldast at det i lågkonjunktur er fleire blant dei arbeidslause som har vore i arbeid av eit slikt omfang at dei har rett til dagpengar. Det er flest vaksne menn, eldre arbeidslause og arbeidslause frå andre EØS- land enn Noreg som er mottakarar av dagpengar.

For dei arbeidslause utan rett til dagpengar finst det ingen spesiell stønad. Det å ta del i arbeidsmarknadstiltak sikrar likevel noko inntekt i form av individstønad. Om lag ti prosent av dei arbeidslause har individstønad. Likevel er det mange arbeidslause som ikkje har nokon arbeidsmarknadsrelatert stønad frå NAV, blant desse er økonomisk sosialhjelp ei viktig inntektskjelde. I 2010 hadde 8 prosent av dei arbeidslause økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde. I 2011 og 2012 var det tilsvarande talet 9 prosent. Den høgaste prosentdelen mottakarar av økonomisk sosialhjelp finn vi blant unge, personar som er født i land utanfor EØS, og blant dei som har søkt arbeid over to år.

I gjennomsnitt er 27 prosent av dei arbeidslause utan noko form for stønad til livsopphald frå NAV. Flest utan stønad finn vi blant dei unge, dei som nettopp har meldt seg arbeidslause, og blant dei som har søkt arbeid i over to år.

Innleiing

Dagpengar ved arbeidsløyse er den ytinga i folketrygda som er spesielt retta inn mot inntektssikring til arbeidslause. Dagpengar skal kompensera for bortfallet av inntekt medan ein søker nytt arbeid. For å ha rett til dagpengar må ein ha hatt ei tidlegare arbeidsinntekt av en viss storleik, samstundes som ein må vera ein aktiv arbeidssøklar. Dagpengar er dermed ei ordning som sikrar personar med ei viss tilknytning til arbeidslivet ei forsikring dersom dei mister jobben. For personar som ikkje har vore i arbeid tidlegare, eller ikkje har arbeid nok til å ha opparbeidd seg rett til dagpengar, er det ikkje nokon spesiell arbeidssøklarstønad.

I Noreg har ein først og fremst satsa på å tilby dei arbeidslause som har vanskar med å finna seg (nytt) arbeid, deltaking i arbeidsretta tiltak. Dei kan då få tiltakspengar¹. Medan kor mykje ein får i dagpengar er avhengig av storleiken på tidlegare lønnsinntekt, svarer stønaden ein kan få ved å ta del i tiltak om lag til minstenivået på dagpengar. For unge under 19 år er stønaden noko lågare. For særleg utsette grupper av arbeidslause, som ungdom og langtidsledige, har det lenge vore ulike garantiordningar som skal sikra desse gruppene tilbod om arbeidsretta tiltak. Også personar med innvandrarbakgrunn har lenge vore ei prioritert gruppe for NAV. I tillegg til at tiltak skal gi auka kompetanse, gir deltaking i tiltak også ei inntektssikring.

I dei siste åra har prosentdelen av dei arbeidslause som har dagpengar lege på kring 50 prosent. Det vil seia at rundt rekna halvparten av dei som til ei kvar tid er arbeidslause er utan dagpengar. Kva lever desse av? Er det slik at dei har andre ytingar frå NAV eller er dei helt utan inntekt? Kva for inntektssikring folk har når dei er utan arbeid seier noko om kor godt integrert dei har vore på arbeidsmarknaden tidlegare. Det er også interessant i eit fattigdomsperspektiv dersom mange får ei låg inntekt eller manglar inntekt når dei ikkje har arbeid, eller dersom dei som følgje av arbeidsløyse har låg inntekt over ein lengre periode. I denne artikkelen prøver vi å gi eit meir samla bilete av kva for ytingar til livsopphald dei arbeidslause har. Dei aktuelle stønadene er presentert

¹ Før 1. januar 2014 blei stønaden kalla individstønad.

Data og metode

Artikkelen er ein deskriptiv analyse der vi ser på kva for stønader dei arbeidslause er mottakarar av. Med arbeidslause meiner vi her arbeidssøklarar som anten er heilt arbeidslause eller er arbeidssøklarar på tiltak. Vi har inkludert arbeidssøklarar på tiltak sidan dette er personar som i utgangspunktet er arbeidslause. Summen av heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak svarer til omgrepet bruttoarbeidsløysa. Med utgangspunkt i månadstal for beholdninga av bruttoarbeidsløysa i perioden januar 2010 til desember 2012 har vi laga årsgjennomsnitt for åra 2010–2012. Ved hjelp av data frå NAV sine registre over arbeidssøklarar ser vi på mottak av dei arbeidsmarknadsrelatererte ordningane som dagpengar, individstønad og arbeidsavklaringspengar. I tillegg har vi med opplysningar om mottak av overgangsstønad for einslege forsørgjarar, uførepensjon og alderspensjon, samt opplysningar om mottak av økonomisk sosialhjelp. Vi har også med data frå sjukepengeregisteret.

i faktaboks. Vi ser på korleis mottak av ulike former for stønader varierer etter sentrale kjenneteikn som kjønn, alder og kor lenge ein har vore arbeidssøklar. Vi ser også på om det er forskjellar i stønadmottak mellom arbeidssøklarar som er født i Noreg og dei som har eit anna fødeland.

Høgast prosentdel dagpengemottakarar i lågkonjunktur

Prosentdelen av arbeidssøklarane som er mottakarar av dei arbeidsrelatererte stønadane som dagpengar og individstønad samvarierer med nivået på bruttoarbeidsløysa (sjå figur 1). Figuren viser at prosentdelen av arbeidssøklarane som har dagpengar er høgast i 2010, med 54 prosent, året då bruttoarbeidsløysa også var høgast. Tilsvarande er prosentdelen med dagpengar lågast i 2008, med 37 prosent, året då bruttoarbeidsløysa var lågast. Variasjonen i prosentdelen som har dagpengar skuldast ulik samansetjing av dei arbeidslause i periodar med høg og låg arbeidsløyse. I periodar med låg etterspørsel etter arbeidskraft og høg arbeidsløyse, vil fleire av dei arbeidslause vera personar som har mista jobben på grunn av konjunkturtilhøva. Når etterspørselen etter arbeidskraft er høg, vil fleire av dei arbeidslause vera personar som har vanskar med å få arbeid på grunn av at dei ikkje har dei kvalifikasjonane

Stønader til arbeidslause

Dagpengar

Hovudvilkåra for å få dagpengar er at ein

- har fått redusert arbeidstida med minst 50 prosent
- har fått utbetalt arbeidsinntekt på minst 1,5 G (grunnbeløpet i folketrygda) i det siste avslutta kalenderåret (i fjor), eller minst 3G i dei siste tre avslutta kalenderåra. Foreldrepengar, svangerskapspengar og svangerskapsrelaterte sjukepengar blir rekna med i kravet til minsteinntekt
- er registrert arbeidssøklar, og sender meldekort kvar 14. dag
- er reell arbeidssøklar (herunder at ein aktivt søker arbeid og held CV-en oppdatert på nav.no)
- bur eller oppheld seg i landet
- som hovudregel ikkje skal vere skoleelev eller student

Kor mykje ein får i dagpengar er avhengig av dagpengegrunnlaget. Det vil seia arbeidsinntekt og eventuelle folketrygdytingar i det siste kalenderår, eller i gjennomsnitt for dei tre siste kalenderåra. I gjennomsnitt svarer dagpenge til 62,4 prosent av tidlegare inntekt før skatt.

Ein kan også ha rett til dagpengar dersom ein er:

- permittert heilt eller delvis
- etablerer eiga verksemd
- arbeidslaus på grunn av konkurs
- EØS-borgar på visse vilkår
- nydimittert vernepliktig

Kor lenge ein kan få dagpengar er avhengig av tidlegare arbeidsinntekt. Ein kan få dagpengar i 104 veker ved arbeidsinntekt på minst 2 G, og i 52 veker ved arbeidsinntekt lågare enn 2 G.

Stønader ved tiltak

Deltakarar på arbeidsretta tiltak har rett til einskilde økonomiske ytingar:

- Basisyting, og eventuelt barnetillegg, skal dekkja utgifter til livsopphald og blir gitt for dei dagane ein er med på tiltaket.
- Eventuelle tilleggsstønader som skal dekkja ekstraavgifter i samband med tiltaket.
- Basisytinga er avhengig av alder. Tiltaksdeltakarar under 19 år får stønad etter ein lågare sats enn dei som er 19 år og over.

Ein kan ikkje få desse ytingane dersom ein har lønn frå arbeidsgjevar under tiltaket, eller har rett til andre ytingar som skal dekkja dei same utgiftene. Dersom ein tiltaksdeltakar har rett til dagpengar kan han velja om han vil ha dagpengar eller stønader ved tiltak. Økonomiske stønader under tiltak endra namn frå «individstønad» til «tiltakspengar» frå og med 2014. Vidare i artikkelen er økonomiske stønader for deltakarar i arbeidsretta tiltak kalla individstønad.

Arbeidsavklaringspengar

Skal sikra inntekt til dei som har fått nedsett arbeidsevna si med minst halvparten på grunn av sjukdom eller skade, og som treng bistand frå NAV for å komma i arbeid. Bistanden kan vera arbeidsretta tiltak, medisinsk behandling eller anna oppfølging frå NAV. Dei fleste som er mottakarar av arbeidsavklaringspengar er registrerte som personar med nedsett arbeidsevne hos NAV, og er ikkje med i målgruppa for denne analysen. Personar som har gjennomført tiltak eller behandling kan få arbeidsavklaringspengar inntil tre månader medan dei søker arbeid. I denne perioden vil dei fleste mottakarane av arbeidsavklaringspengar vera registrert som arbeidslause hos NAV.

Økonomisk stønad (sosialhjelp)

Økonomisk stønad etter Lov om sosiale tenester i NAV skal sikra at alle har nok midlar til eit forsvarleg livsopphald. Mottakarar må ikkje ha andre moglegheiter til å forsørge seg. Dette omfattar at ein ikkje kan forsørge seg gjennom inntektsgevande arbeid, egne midlar og andre økonomiske rettar, som rettar etter folketrygdlova og krav på underhald. Storleiken på den økonomisk stønaden er skjønnsbasert ut i frå den einskilde sine behov. Vidare i artikkelen er økonomisk stønad kalla «økonomisk sosialhjelp».


Andre aktuelle livsopphaldsytingar for arbeidslause

Arbeidssøklarar som er einslege forsørgjarar kan ha rett til overgangsstønad. Arbeidssøklarar kan også vera mottakarar av gradert uførepensjon. Arbeidssøklarar over 62 år kan ha alderspensjon. Arbeidssøklarar som vert sjukmelde kan på visse vilkår motta sjukepengar.

som er etterspurt på arbeidsmarknaden. Mange av desse har ikkje nok arbeidserfaring til at dei har arbeidd seg opp rett til dagpengar. Prosentdelen av arbeidssøklarane som har individstønad er meir konstant i den perioden vi ser på. Kor mange som er mottakarar av individstønad er avhengig av kor mange tiltaksplasser NAV har


til rådvelde. Medan dagpengar er ein lovfesta rett i Folketrygdloven, blir talet på tiltaksplassar kvart år bestemt utifrå løyvingar frå Stortinget. I perioden vi ser på har talet på tiltaksplassar vore relativt stabilt, rekna i prosent av bruttoarbeidsløysa.

Figur 1. Heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak (høgre akse) og prosentdel som er mottakarar av dagpengar eller individstønad (venstre akse). Årsgjennomsnitt 2007 – 2013



Kjelde: NAV

Figur 2. Heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak etter kva for stønader dei er mottakararar av. Årsgjennomsnitt. Prosent



Kjelde: NAV

Mange av dei dei arbeidslause er ikkje mottakarar av ein arbeidsmarknadsrelatert stønad, jamfør figur 1. Vidare i artikkelen skal vi gå nærare inn på kva for stønader dei som var arbeidslause i 2010, 2011 og 2012 hadde. Sidan det er mogeleg å ha fleire stønader samstundes, har vi

prioritert kva for stønad som er viktigast når vi grupperer dei arbeidslause som stønadmottakarar, jamfør faktaboks om inndeling av stønadmottakarar i artikkelen. I tabell 1 i vedlegg til denne artikkelen presenterer vi eit oversyn over kombinasjon av dei ulike stønadanane.

Inndeling av stønadsmottakarar i artikkelen

Det er megeleg for arbeidssøklarar å vera mottakarar av fleire trygder/stønader samstundes. Til dømes kan dagpengemottakarar ha økonomisk sosialhjelp i tillegg til dagpengar. I artikkelen har vi gruppert arbeidssøklarane i følgjande prioriterte rekkefølge:

- Alle som har dagpengar, individstønad eller arbeidsavklaringspengar er gruppert i desse kategoriane uavhengig av om dei har andre stønader/trygder i tillegg.
- Alle som ikkje er mottakarar av dagpengar, individstønad eller arbeidsavklaringspengar, og som har økonomisk sosialhjelp er gruppert som mottakarar av økonomisk sosialhjelp.
- Alle som ikkje er i kategoriane over, og som er mottakarar av overgangsstønad til einsleg forsørgjar er

gruppert som mottakarar av overgangsstønad.

- Alle som ikkje er i kategoriane over, og som er mottakarar av uførepensjon, er gruppert som mottakarar av uførepensjon.
- Alle som ikkje er i kategoriane over, og som er mottakarar av alderspensjon, er gruppert som mottakarar av alderspensjon.
- Alle som ikkje er i kategoriane over, og som er mottakarar av sjukepengar, er gruppert som mottakarar av sjukepengar.
- Alle som ikkje er i kategoriane over er gruppert som at dei ikkje har trygder/stønader til livsopphald frå NAV.

Ein av fire arbeidssøklarar har ingen stønad til livsopphald frå NAV


I tillegg til dei arbeidsmarknadsrelaterte stønadene kan dei arbeidslause ha andre trygder eller stønader frå NAV. Figur 2 viser prosentdelen som er mottakarar av ulike trygder/stønader frå NAV. Sjølv om dagpengar er den dominerande stønaden, er individstønad og økonomisk sosialhjelp viktige inntekts-sikringsordningar for arbeidslause. Prosentdelen med økonomisk sosialhjelp aukar noko når arbeidsløysa går ned. Dette skuldast at samansetjinga av dei arbeidslause endrar seg med konjunkturane. Prosentdelen som er mottakarar av økonomisk sosialhjelp er lågast i 2010 med 8 prosent, medan 9 prosent var mottakararar av økonomisk sosialhjelp i 2011 og 2012. I denne analysen er stønadsmottakarane inndelt i prioriterte grupper, jamfør faktaboks. Figur 2 viser difor ikkje kor mange som har økonomisk sosialhjelp i tillegg til dagpengar, individstønad og arbeidsavklaringspengar. I datamaterialet vårt har vi funne at 13 prosent av dei arbeidslause var mottakarar av økonomisk sosialhjelp i 2012, anten aleine eller i kombinasjon med andre stønader.

Få heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak er mottakarar av arbeidsavklaringspengar. Dei få dette gjeld personar som har vore registrert med nedsett arbeidsevne hos NAV, og som i etterkant er mottaka-

rar av arbeidsavklaringspengar i ein overgangsfase medan dei søker arbeid. Kategorien «andre trygdeordningar» omfattar overgangsstønad til einsleg forsørgjar, uførepensjon og alderspensjon. Dette er stønader med få mottakarar når vi ser alle dei arbeidslause under eitt, men dei ulike stønadene kan vera aktuelle for einskilde grupper arbeidslause. Prosentdelen som er mottakarar av sjukepengar er konstant i dei åra vi ser på, to prosent av dei arbeidslause har sjukepengar som einaste stønad.

Figur 2 viser også at i gjennomsnitt for dei tre åra vi ser på, er 27 prosent av arbeidssøklarane som til ei kvar tid er arbeidslause utan nokon form for stønad til livsopphald frå NAV. I denne gruppa vil vi finna personar som ikkje har nokon form for stønad til livsopphald i heile perioden dei er arbeidslause. I tillegg finn vi personar som anten har vore mottakarar av, eller kjem til å bli mottakarar av, ei form for økonomisk stønad. I den første gruppa vil vi finna personar som ha vore arbeidslause så lenge at dei ikkje lengre har rett til dagpengar. I den siste gruppa vil vi typisk finna personar som nettopp har vorte arbeidslause og som har søkt om dagpengar. Få arbeidslause, bortsett frå ungdom under 20 år, får tilbod om arbeidsmarknadstiltak tidleg i eit forløp som arbeidslaus. Mange er ledige berre ei kort tid og skaffar seg raskt arbeid sjølve. Tiltak er oftast berre aktuelt når det har gått ei tid og personene sjølv ikkje har klart å skaffa seg arbeid.

Figur 3: Prosentdelen heilt arbeidslause og deltakarar på arbeidsmarknadstiltak som er mottakarar av ulike stønader/trygder, etter varigheit som arbeidssøklar. Årsgjennomsnitt 2012



Kjelde: NAV

Få med kort arbeidssøklarvarigheit har dagpengar

Blant dei arbeidslause er det stor grad av gjennomstrøyming, og mange er arbeidslause berre kort tid. I 2010 var det til dømes i gjennomsnitt registrert 74 700 heilt arbeidslause, medan det i løpet av året var registrert i underkant av 300 400 unike personar som var heilt arbeidslause i kortare eller lengre tid. Sidan vårt datamateriale viser eit gjennomsnitt av dei som er registrerte som arbeidslause, veit vi ikkje kor lenge dei arbeidslause blir verande registrert hos NAV før dei sluttar å melda seg. I ein analyse av arbeidssøklarar som sluttar å melda seg til NAV i 2009, var den gjennomsnittlege varigheita som arbeidssøklar i underkant av eit halvt år (Myklebø 2011). Den same analysen viste at berre 10 prosent av dei som sluttar å melda seg til NAV hadde vore registrert i over eit halvt år.

Prosentdelen som har dagpengar aukar med lengda på arbeidssøklarperioden for alle som har søkt arbeid inntil to år (sjå figur 3). Ei årsak til at prosentdelen med dagpengar aukar med varigheit på arbeidssøklarperioden, kan vera at det er færre blant dei som ikkje har rett til dagpengar som held fram med å melda seg arbeidslause. Færrest dagpengemottakarar finn vi blant dei som har søkt arbeid under fire veker. Mange arbeidslause er berre registrert ein kort


periode. Det kan vera at dei som ikkje har rett på dagpengar sluttar å melda seg arbeidslause. I ein analyse av arbeidssøklarar som sluttar å melda seg ledige i 2009, fann ein at 13 prosent av dei som hadde søkt arbeid under 4 veker framleis var arbeidslause utan å melda seg til NAV, medan 64 prosent anten var i arbeid eller utdanning (Myklebø 2011). Blant dei som har søkt arbeid i over to år vil det vera fleire som har vore arbeidslause så lenge at dei har brukt opp retten til dagpengar, jamfør faktaboks.

Prosentdelen som er i tiltak og har individstønad er høgast blant personar som har søkt arbeid mellom tre månader og eitt år. NAV prioriterer tiltak mellom anna for personar som er langtidsledige². Også blant dei som har søkt arbeid i to år eller meir ser vi ein auke i prosentdelen som har individstønad. Svært få arbeidssøklarar som har vore registrert hos NAV i under 4 veker har individstønad. Dette skuldast at det er få som startar i tiltak så tidleg i eit arbeidssøklarforløp (unnataket her er unge under 20 år).

Økonomisk sosialhjelp er ei viktig inntektssikringsordning for alle arbeidslause uansett varigheit. Vi finn

² Sjå definisjonen av langtidsledige i kapitlet «Begreper og definisjoner» bakerst i denne rapporten.

Figur 4. Heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, etter kjønn og kva for stønad dei er mottakarar av. Årsgjennomsnitt. Prosent



Kjelde: NAV

flest med økonomisk sosialhjelp blant dei som har søkt arbeid over to år. Mange i denne gruppa har truleg brukt opp retten til dagpengar. Også blant dei som har søkt arbeid under tre månader er det mange som har økonomisk sosialhjelp. I mange kommunar er det eit vanleg vilkår for å få økonomisk sosialhjelp at ein må melda seg som arbeidslaus dersom ein er arbeidsfør.

Arbeidsavklaringspengar er aktuelt for personar som har vore registrert hos NAV med nedsett arbeidsevne ein periode. Mange av desse har vore gjennom medisinsk behandling eller ulike former for arbeidsretta tiltak i den tida dei har vore registrert. I etterkant av perioden med nedsett arbeidsevne kan dei ha arbeidsavklaringspengar i inntil tre månader medan dei søker arbeid. Dette forklarar at prosentdelen av dei arbeidslause som har arbeidsavklaringspengar er høgast blant dei som har søkt arbeid i over to år.

Det er flest som ikkje har nokon form for stønad til livsopphald blant dei som nettopp har vorte arbeidslause og blant dei som har søkt arbeid i over to år. Ut frå eit velferdsperspektiv kan det vera ei utfordring at mange av dei som har søkt arbeid lenge er utan inntektssikring. Det kan også vera ei utfordring at mange med kort arbeidssøklarvarigheit er utan inntektssikring, dersom det er slik at dei framleis er utan arbeid og

sluttar å melda seg arbeidslause. Det vil seia av det er skjult arbeidsløyse som ikkje blir fanga opp av NAV.


Mange arbeidslause kvinner har ikkje rett til dagpengar

Fleire av dei arbeidslause mennene enn dei arbeidslause kvinnene har dagpengar. Menn arbeider oftare i heiltidsyrke og har i gjennomsnitt høgare løn enn kvinner. Fleire av mennene har difor hatt høg nok inntekt til at dei har rett til dagpengar. Prosentdelen med dagpengar går meir ned frå 2010 til 2012 blant menn enn blant kvinner (sjå figur 4). Dette skuldast at fleire menn enn kvinner arbeider i konjunkturutsette yrke. Fleire kvinner enn menn tek del i tiltak og har individstønad, medan det er fleire menn enn kvinner som har økonomisk sosialhjelp. I 2012 hadde 11 prosent av dei arbeidslause mennene økonomisk sosialhjelp mot 8 prosent av kvinnene.

Deltaking i tiltak gir inntekt for dei yngste

Det er små forskjellar på stønadsmottak blant unge under 20 år i dei tre åra vi ser på. Dette skuldast at konjunktura- ne ikkje er den viktigaste årsaka til arbeidsløyse i denne aldersgruppa. Mange unge arbeidslause under 20 år er personar som ikkje har fullført vidaregåande skole. NAV

Figur 5. Heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak under 20 år, etter kjønn og kva for stønader dei er mottakarar av. Årsgjennomsnitt. Prosent



Kjelde: NAV


samarbeider med den fylkeskommunale oppfølgingstema for å gi dei unge eit tilbod. Ofte er målsettinga å få dei som framleis har rett til vidaregåande opplæring til å bruka denne retten. For unge i denne aldersgruppa er det ein ungdomsgaranti som skal sikra dei som er utan skoleplass eller arbeid rett til arbeidsmarknadstiltak (Furuberg og Myklebø 2013). Svært få under 20 år er dagpengemottakarar, og blant dei få er det litt fleire unge menn enn unge kvinner. Individstønad er den viktigaste stønaden til livsopphald for unge under 20 år (sjå figur 5). I gjennomsnitt har i underkant av 40 prosent av arbeidssøklarane i denne gruppa individstønad. Langt fleire unge enn eldre er mottakarar av økonomisk sosialhjelp, og prosentdelen mottakarar av økonomisk sosialhjelp er høgare blant unge kvinner enn blant unge menn.

I aldersgruppene 20 – 24 år og 25 – 29 er arbeidsløysa høgast. Mange i desse aldersgruppene er arbeidslause i kortare eller lengre tid i overgangen mellom utdanning og arbeid. Blant dei unge som er i arbeid er det færre som har arbeidd lenge nok til at dei har tent opp rett til dagpengar, samanlikna med eldre arbeidstakarar. I begge aldersgrupper er det langt fleire menn enn kvinner som har dagpengar, og det er flest kvinner som har individstønad. Fleire menn enn kvinner tar yrkesfagleg utdanning på vidaregåande skole, medan det er fleire kvinner enn menn som tar

høgare utdanning. Mennene etablerer seg i arbeidslivet tidlegare enn kvinner, og fleire menn enn kvinner har difor hatt høg nok inntekt til at dei har rett på dagpengar. Konjunkturtilhøva har mykje å seia for kor stor prosentdel av dei arbeidslause som har dagpengar, særleg gjeld dette for menn (sjå figur 6). Medan det er om lag like stor prosentdel kvinner og menn som er mottakarar av økonomisk sosialhjelp i aldersgruppa 20 – 24 år, er det ein høgare prosentdel blant mennene enn blant kvinnene i aldersgruppa 25 – 29 år. Om lag seks prosent av dei arbeidslause kvinnene i begge aldersgrupper er mottakarar av overgangsstønad for einslege forsørgjarar.


I aldersgruppene 30 – 39 år og 40 – 49 år er det langt fleire menn enn kvinner som er dagpengemottakarar (sjå figur 7). Dette skuldast at yrkesdeltakinga er høgast blant menn i desse aldersklassane, og at menn i gjennomsnitt har høgare lønn enn kvinner. I tillegg er deltidsarbeid meir vanleg blant kvinner enn blant menn. Kvinnene er i større grad enn menn mottakarar av individstønad, medan det er flest menn som er mottakarar av økonomisk sosialhjelp. Blant dei arbeidslause kvinnene i 30 åra er det om lag fire til fem prosent som har overgangsstønad til einseleg forsørgjar. Fleire menn enn kvinner er sysselsett i konjunkturutsette yrke, noko som gjer at menn i gjennomsnitt er meir utsette for konjunkturarbeidsløys

Figur 6. Heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak, etter kjønn, alder og kva for stønader dei er mottakarar av. Årsgjennomsnitt. Prosent.



Kjelde: NAV

Figur 7. Heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak, etter kjønn, alder og kva for stønader dei er mottakarar av. Årsgjennomsnitt. Prosent



Kjelde: NAV

enn kvinner. Alt dette fører til at langt fleire arbeidslause menn enn arbeidslause kvinner har rett til dagpengar.

Fleire med alderspensjon blant dei eldste arbeidslause

Blant dei eldste arbeidslause er det mindre forskjellar mellom kvinner og menn når det gjeld rett til dag-

pengar, jamfør figur 8. Dei fleste som blir arbeidslause i desse aldersgruppene er etablert i arbeidslivet og har rett til dagpengar.

Størst prosentdel mottakarar av dagpengar finn vi blant dei som er 62 år og over, dette gjeld både kvinner og menn. I denne aldersklassen er det om lag like stor prosentdel kvinner som menn som er

dagpengemottakarar. Ser vi alle åra under eitt, har mellom 60 og 70 prosent av dei arbeidslause i denne aldersgruppa dagpengar. Det er også her at vi finn lågast prosentdel arbeidslause som ikkje har ein stønad til livsopphald frå NAV. Ei årsak til dette er at dei arbeidslause over 62 år er ei selektert gruppe. Det er personar som framleis er yrkesaktive, og som har så god helse at dei ikkje har vorte uførepensjonistar.

Med pensjonsreforma frå 2011 er uttak av alderspensjon og avgang frå arbeidslivet ikkje lenger avhengige av kvarandre. Vi ser at prosentdelen arbeidslause over 62 år som er mottakarar av alderspensjon aukar i dei åra vi ser på her, særleg blant menn. Medan 1 prosent av dei arbeidslause mennene i denne aldersgruppa var mottakarar av alderspensjon i 2010, har denne delen auka til 5 prosent i 2011 og 9 prosent i 2012. Også blant dei arbeidslause kvinnene i denne aldersgruppa har det vore ein auke i prosentdelen alderspensjonistar. Desse tala viser likevel ikkje heile biletet, då dette talet berre viser dei som er mottakarar av alderspensjon og ikkje samstundes har andre stønader (bortsett frå eventuelt sjukepengar). I datamaterialet vårt har vi funne at prosentdelen arbeidslause som har alderspensjon, anten aleine eller i kombinasjon med andre stønader, har auka


kraftig etter pensjonsreforma i 2011. I 2010 hadde mindre enn 1 prosent av dei arbeidslause over 61 år alderspensjon, denne prosentdelen auka til 14 i 2011 og 30 i 2012. Det er særleg arbeidslause menn som har alderspensjon. I 2012 hadde 42 prosent av dei arbeidslause mennene i denne aldersgruppa alderspensjon. 76 prosent av desse hadde alderspensjon i kombinasjon med dagpengar.

Arbeidslause frå andre EØS-land har ofte dagpengar

Dei siste åra har innvandrarar frå andre EØS-land enn Noreg utgjort ein stor prosentdel av nettoinnvandringa til Noreg. Etter at EU vart utvida til å inkludera land frå Aust-Europa har det kome mange arbeidsinnvandrarar frå dei nye medlemslanda. Særleg har det kome mange polakkar og personar frå dei baltiske landa for å arbeida, først og fremst innan bygg og anlegg. Personar som innvandrar frå land utanfor EØS-området har oftare andre grunnar til innvandring enn det å søkja arbeid, som forfølging eller familiegjening.


Personar som er født i andre EØS-land har oftare dagpengar og sjeldnare økonomisk sosialhjelp samanlikna med personar født i Noreg og personar født i land

Figur 8. Heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, etter kjønn, alder og kva for stønader dei er mottakarar av. Årsgjennomsnitt. Prosent



Kjelde: NAV

Figur 9: Heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, etter fødeland og kva for stønader dei er mottakarar av. Årsgjennomsnitt. Prosent



Kjelde: NAV

utanfor EØS (sjå figur 9). Mange i denne gruppa har innvandra til Noreg fordi dei har fått seg arbeid. Prosentdelen med dagpengar er høgast i 2010. I 2010 og 2011 hadde færre av dei som var født i EØS-området individstønad samanlikna med dei to andre gruppane. Det vil seia at EØS-borgarane var sjeldnare i tiltak i desse to åra samanlikna med andre arbeidslause. I 2012 var det ein like stor prosentdel med individstønad i denne gruppa som blant dei som er født i Noreg.

Personar som er født utanfor EØS-området skil seg ut ved at det er få som har rett til dagpengar. Dette tyder på at dei har ei svak tilknytning til arbeidsmarkanden. Ein langt høgare prosentdel i denne gruppa har individstønad samanlikna med dei to andre gruppene. Innvandrarar er ei prioritert gruppe når det gjeld tiltak. Det er også fleire mottakarar av økonomisk sosialhjelp blant dei som er født i land utanfor EØS.

Diskusjon

Berre om lag halvparten av dei som til ein kvar tid er arbeidslause har dagpengar frå NAV. Dette skuldast først og fremst at det relativt sett er få som har dagpengar blant dei som nettopp har meldt seg arbeidslause. Vi ser at prosentdelen med dagpengar aukar med arbeidssøkjjarvarigheit inntil to år. Mellom 8 – 9

prosent av dei arbeidslause har sosialhjelp som einaste inntektssikring, medan 27 prosent er utan noko form for inntektssikring frå NAV. Dersom dei arbeidslause sluttar å melde seg fordi dei har fått (nytt) arbeid eller har starta opp i utdanning, er det kanskje ikkje eit stort problem at mange ikkje har stønader i den korte tida dei er utan arbeid. Dersom dei arbeidslause sluttar å melde seg til NAV for di dei ikkje har rett til dagpengar eller får tilbod om arbeidsmarknadstiltak, kan dette føra til skjult arbeidsløse.

Blant unge under 20 år er det få som har dagpengar. Dei fleste som har ein stønad til livsopphald, har individstønad. I denne gruppa er det mange som har droppa ut av vidaregåande skole. Det kan diskutast om individstønaden gir unge eit insentiv til å slutta på skolen. Ungdomsgarantien, som gir unge arbeidslause under 20 år rett til arbeidsmarknadstiltak, blei innført i ei tid då det var vanleg å gå tidleg ut i arbeidslivet.

I Noreg er arbeidsløysa låg, også blant unge. Mange unge som skal inn i arbeidslivet har ikkje rett på dagpengar. Samstundes ser vi at det er fleire unge under 30 år som er registrert med nedsett arbeidsevne enn det er arbeidslause i denne aldersgruppa (Bragstad og Sørbo 2014). Det kan argumentast for at det ikkje alltid er eit klart skilje mellom arbeidsløse og nedsett

arbeidsevne for mange som er utan arbeid (Røed 2012). Det at ein kan få arbeidsavklaringspengar sjølv om ein ikkje har tidlegare arbeidsinntekt, kan gi insentiv til at det å vera utan arbeid oftare blir definert som eit helseproblem enn eit arbeidsløseproblem.

I utforminga av ei inntektssikringsordning for arbeidslause må ein både ta omsyn til at dei arbeidslause skal ha ei inntekt å leva for medan dei søker arbeid, samstundes som at dei skal ha intensiv til å vera aktive arbeidssøklarar. I Noreg har ein satsa på å tilby tiltak til arbeidssøklarar som har særlege vanskar med å finna seg arbeid. I denne artikkelen har vi sett at mange av dei som ikkje har rett til dagpengar tek del i tiltak og har individstønad. Likevel er det mange av dei arbeidslause som har økonomisk sosialhjelp som inntektssikring. Dette gjeld særleg personar som har søkt arbeid over to år og innvandrarar frå land utanfor EØS.

Referansar

Bragstad, Torunn og Johannes Sørbo (2014) «Kven er de unge med nedsatt arbeidsevne?». *Arbeid og velferd* 1/2014, 51–63

Furuberg, Jorunn og Sigrid Myklebø (2013) *Unge tilknytning til arbeidslivet*. NAV-rapport nr. 3/2013. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Myklebø, Sigrid (2011) *Overgang til arbeid og aktivitet blant tidligere NAV-brukere*. NAV-rapport nr. 3/2011. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Røed, Knut (2012) «Active social insurance» *IZA Journal of Labor Policy*. 2012:8

Vedlegg

Tabell 1. Heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak som har ulike kombinasjonar av trygder/stønader. Gjennomsnitt for januar 2010 – desember 2013. Prosent

	Dag-pengar	Individ-stønad	Arbeids-avklarings-pengar	Økonomisk sosialhjelp	Overgangs-stønad	Uførepensjon	Alderspensjon	Sjukepengar
Dagpengar	100	0	0	16	28	45	74	41
Individstønad	0	100	0	13	1	1	0	1
Arbeidsavklaringspengar	0	0	100	1	1	4	1	0
Økonomisk sosialhjelp	4	16	5	100	11	4	0	4
Overgangsstønad	1	0	2	2	100	1	0	2
Uførepensjon	1	0	2	0	0	100	0	2
Alderspensjon	1	0	0	0	0	0	100	1
Sjukepengar	3	0	0	1	2	7	3	100
Sum med meir enn ein stønad	9	17	9	31	41	57	76	46
N	43 381	7948	1219	10 190	2163	631	419	2754